

# Bedehuskultur i Spjelkavik gjennom 95 år, og 40 år med nytt bedehus

## Historisk ettersyn

Av Gunnar Kjøde

Vi veit ikkje så mykje om kristenlivet i Spjelkavik før 1850 talet. Folket sat inne med eit stort tilhøyr av Guds ord gjennom solid bibelkunnskap i skulen, lesing av huspostille på søndag i dei fleste heimar, konfirmasjonsundervisning med meir. Når dei åndelige vekkingane kom over folket vårt i slutten av 1880-åra, kvæitke Anden eid i den bibelkunnskapen dei hadde. Det vart ei ny tid med omvendning og frelse. Trongen etter å høyre Guds ord vart levande og sterk. Dei truande fann saman for å verte oppbygde på den høghelliga trua. I bygda vart det ikkje høvelege møtelokale, og dei nyvalte søkte ofte til samlingar i grannabygdene eller helst til byen, som den gongen var sentrum for vekkingstorsla.

### Organisert indremisjonsarbeid

Spjelkavik Indremisjon vart skipa 13. februar 1903. Før den tid var det ei indremisjonsforreining for heile prestegjeldet. Den heitte "Borgund og Giske Indremisjonsforreining". Den hadde eit styre der dei fleste bygdene i Andreas Nedregård var ein av dei som sto i brodden for å få i gong eit organisert indremisjonsarbeid i bygda. Han var ein foregangsmann på heire område, og han hadde ei utprega leiaroppgåve. Den første formannen i foreininga var lærar K. Emblem. Møtesamlingane vart halde i heimane og i Rødsetholen skule. Men i lengda var ikkje dette ei tilfredsstillande ordning med tanke på ei målretta verksemd.

### Reising av bedehus

På medlemsmøtet 10. januar 1905 vart det gjort vedtak om å bygge eit bedehus. Ein fekk bygsele tomt hjå Petter Holen. Medlemsmøtet 26. mars same året vart det gjort vedtak om å seje i gong innsamling til huset. Når innsamlinga nådde 2/3 av kostnaden kunne bygginga ta til. På same møtet vart truleg statuttar godkjende. I dei godkjende lovene hadde losje Rambjøra fått løyve til å nyte huset til ymse møter. Den 3. juni vart det sendt skriv til Rambjøra med spørsmål om losjen yngste å nyte dette høvet, og om medlemmane var villig til å yte økonomisk stønad til reising av huset. I eit skriv av 3. juli bad Rambjøra om at løyvet måtte stå ved lag, men at losjen ikkje kunne love pengehjelp og heller ikkje legge på medlemmane bidragsplikt. Arsmøtet den 25. februar 1906 valde byggenemnd med Andreas Nedregård som formann. Nemnda kom med framlegg om at arbeidet måtte kome i gong så tidleg at huset kunne kome under tak for slåtten tok til. Det gjekk fort å reise huset. Vigselsdagen var den 2. desember 1906. Rekneskapen synar at innsamlinga vart kr. 1016,23. Det er ikkje nemnt kva huset kosta, men summen vart truleg om lag 1500 kroner.

### Namn og møteplan

Frå møteboka tek vi med: På medlemsmøte 15. juli 1906 vart det gjort følgjande vedtak: "På grund af omstendighederne og for at forebygge mulige Misforståelser, besluttedes at for fremtiden skal Indremisjonsforeningen bære navnet "Rødsetholens Indremisjonsforening. Likledes besluttedes som følge af dette at uttrykket § 1 i Bedehusets statutter skal fra nu af hede Rødsetholens Indremisjonsforening, samt at første ordet i bedehusets statutters § 3 skal ombyttes fra Spilkeveigen til Rødsetholen." Grunnen til dette var at det var kome eit Spilkeveigen Forsamlingshus, som dei frilynde dreiv, og dei ville umgå å forveksle namnet.

### Bruk av huset

"På et ekstraordinært bestyrelsesmøde den 17. februar 1910 ble det besluttedes at fastsette møde på Bedehuset hver søndag og helligdager, således at hver tredje søndag i maaneden Afholdes Alholdsmøde. De øvrige søndager og helligdager holdes almindelige møder eller bønne- og vidnemøter". På årsmøtet 26. januar 1913 vart det gjort endringar i dette: "De regulerte møder besluttede at holdes således at første søndag i maaneden holdes Alholdsmøde, andre søndagen Indremisjonsmøde, tredje søndag i maanedes Hedningemissionsmøde og fjerde søndag Samtallemøde".

Frå 1920 vart møteplanen endra. Ungdomsforeninga skulle ha tredje søndag i måneden og Hedningemissionen og Kinamissionen i fellesskap fjerde søndag i måneden.

**Lysfest**

I alle år vart oljelamper nytta. Spjelkavik fekk tidleg elektrisk kraft, noko som gjorde at industrien fekk tidleg fotfeste i bygda. I 1924 vart det lagt inn elektrisk lys i bedehuset. Det var ein stor merkedag, og folket samlast for å markere den store lysfesten.

**Delte meininger**

I 1925 vart det ein del brytingar med tanke på fri nattverd i bedehuset. Og i 1926 var det delte meininger om kor mykje Ungdomsforeninga skulle få bruke huset. Under eit langt ordskilde om sporsmålet, viste det seg utdå å semjast "... Ungdomsforeningens formand stillede saadanne krav som styret for huset einstemigt fant det ikke ville gå med på, hvorfor fellesmødet ble opphevet".

**Auka aktivitet**

Åra etter 1920 vart det auka aktivitet på bedehuset. Av årsmeldinga 1926 kjem det fram at det hadde vore 60 møtesamlingar det året. Eit musikklag som kom til i 1920 fekk mykje å seie for møtesamværa. I 1936 var det 132 møtesamlingar. Det var år med vekedagsdrag i bygda. Spjelkavik Indremisjonsskor, seinare småskulen, men det varte berre nokre få år.

Det som prega arbeidet på bedehuset i desse åra var ei målretta forkynnarverksamnd, og det vaks fram mykje godt og verdfullt både i barne- og ungdomsarbeidet. Det gav og rekuttering til ulike misjonsorganisasjonar. Det gamle bedehuset vart modernisert og utvida fleire gongar. I 1957 vart eit stort tilbygg ferdig. Det året vart det og kjøpt inn nye stolar.

**Tanken på nytt bedehus**

Spjelkavik opplevde ei rik vekkingstid i krigsåra 1940-45, og mange slutta seg til venelokken. Alt i 1935 vart det sett ned ei nemnd for å arbeide med sporsmål om utviding av huset. Sommaren 1943 vart det valt ei plan- og byggingnemnd med Johannes Kjøde som formann. Dei andre i nemnda var: Georg Stokke, Andreas Sjøholt, Johan Stette, Kristine Sigdestad og Berte Mørkeset. Det vart og sett ned ei innsamlingsnemnd med Olav Bratthaug som formann. Første utloddinga vart avviltå 22. - 23. februar 1944, og den gav 2200 kroner til nytt bedehus.

**Nytt bedehus på ny stad**

To tomter var aktuelle. Tomas Holen ville gi gratis tomt aust for det gamle bedehuset. Emilie og Tore Aspehaug kom med tilbod om tomt på Aspehaugelgedomen. På medlemsmøtet 17. november 1945 vart det vedteke, etter ein lang og alvorleg samtale, at det nye bedehuset skulle reisas på Aspehaugtomta. 54 røysta for og 21 imot. Skoyta på Aspehaugtomta vart tinglyst 30. juli 1946. Tomta vart kalla "Gunnars Minde", etter ønske frå givaren. Dei hadde ein forsteron med namnet Gunnar som kom bort under siste heimskrigen.

**Planen tek form**

I tidstrommet 1946 - 1957 hadde byggenemnda mange møter. I fleire år, etter 1945, var det vanskeleg å få byggingeløyve for forsamlingshus, men byggenemnda arbeidde med planar. Fleire framlegg til teikningar låg føre Mellom anna hadde arkitekt Solheim, Alesund, eit utkast til tomta i Holen, der det mellom anna vart teikna inn folkebad i kjellaren. Byggenemnda gjekk ikkje inn for ei slik løysing, då dei var redd det ville verte lagt klausular på huset. Det vart og lagt fram fleire utkast til Aspehaugtomta. Ein ting som gjorde det umogleg å komme i gang med arbeidet var vanskar med reguleringa. I 1957 bad Johannes Kjøde seg fri vervet som formann i byggenemnda, og Georg Stokke tok over.

Byggenemnda tok kontakt med arkitekt Bugge i Molde. Han var ein av dei mest kjende arkitektane på den tida. Utkastet han kom med fall i god smak, der tomta og arealet var særst godt utnyttå. Det var nok skilde meiningar om utslånaden, då somme meinte at huset braut med den tradisjonelle bedehusstilen. Teikningane synle ein storsal med 300 stipeplassar, 80 i sidsal og 24 i småsal. I tillegg styrerom, anretingskjøkken, vestibyle og bustad for vaktmeister. I kjellarthogda: Ungdomssal, storkjøkken, garderober, toaletter, kontor og lagerrom. Kostnadssoverstaget: 420.000 kroner, og til det tungst det ein eigenkapital på 100.000 kroner. Medlemsmøtet sa ja til planlekinga.

Hovedentreprenor var Odd Larsen, Kristiansund. Utanom målartarbeidet var det lite dugnadsinnsats. I kjellarthogda vart berre toalettroma og garderober gjort ferdig. På huset vart vigsla i 1961 var det lagt ut 450.000 kroner. Av dette var lånet på 360.000 kroner.

**Et stort løft**  
For Spjelkavik Indremisjon, som står som eigar av huset, var dette eit drisig, men ei utruleg framsyn investering. I fleire år var økonomien tynngjande. Store summer gjekk til avdrag og renter. Mange gjorde ein utruleg innsats. Juliemesser og basarar, givertienstic og andre ulike innsamlingar gav verdfull hjelp. Mange sto på og fortener stor takk. Eit namn må nemnast. Johan Steie var formann i Spjelkavik Indremisjon dei åra økonomien var tynngjande, og han hadde mange tunge dagar og netter med tanke på å få inn midlar i rett tid.

**Vigslahøgvida**  
Huset vart vigsla 22. oktober 1961. I ein omtale i Summørposten for vigslinga sto følgjande: "Det er vel undvendig å si at det er mange som det siste året har rystet på hodet og hatt sin tvil over dette merkellige skabelon av et bedehus som så uortodoks rokket ved våre vanlige forestillinger. Men når den første undringen har lagt seg om ikke lang tid, vil ikke folket bare bli stolte, men virkelig glade i dette vakre huset. For vakker er det".

I et referat frå vigslfesten er bedehuset nemnt som "et drisig og imponerende løft".  
Vigslfesten samla 700 menneske. Rektor Johs. Hagesæter, formann i styret for Indremisjonsforbundet, heldt vigslstalen over skriftdet: "Lat Kristi ord bu rikeleg hjå dykk".

Generalsekretær i Indremisjonsforbundet, Birger Aadland, vigsla huset. Festen varde i fem timar. Summørposten skreiv: "Lenge? Vel, det ville vært like velkommen, som matykt, at enkelte hadde vært litt mindre taletrente".

Kollekten var 5.600 kroner. Etter kroneverdien i dag truleg 80.000 kroner

**Spjelkavik nye bedehus 40 år**  
For skuld økonomi maktar ein ikkje å gjere ferdig kjellarthogda. Det einaste som vart teke i bruk var toalettroma og garderober. Borgund Yrkesskule hadde tross for meir plass, og styret i Spjelkavik Indremisjon fekk spørsmål om skulen kunne få leige kjellarromma til rorlegging. Dette var kjærkome, og det gav ei god innkome til ein tregd økonomi. Yrkesskulen var leigetakar frå 1967 - 76.

**Ungdomssal og storkjøkken**  
Dei åra Yrkesskulen leigde kjellarthogda vart eit pusteroom for dei som stod med det økonomiske ansvaret. Denne tida vart nytta til planlegging og tilrettelegging for fullføring av byggeprosjektet for Spjelkavik nye bedehus. I 1974 gav Oddlaug og Tomas Rødset gratis fururte på rot. På dugnad vart trea felt og koyrde til sagbruk. Det vart materialer til innreting av kjellarthogda. Hausten 1976 tok innretingsarbeidet til. Arbeidet vart gjort på dugnad. Eit stort og tidsmessig kjøkken og ein stillfull kjellarsal vart resulater. Men det hende meir i tida framover:

Nytt bygg over inngangspartiet  
Ny glasvegg mot sør

Ny papp på taket

Varmekablar

Flygel

I tillegg var det årlig oppussing og vedlikehald av bygget inne og ute. Det vart kjøpt inn bord, koppar, fat, tallerkenar. Høgtalarar og tefestlyngje.

**Interimiskyrkje**  
På Spjelkavik vart eige prestegjeld kom det søknad frå soknerådet om å få nyte Spjelkavik Bedehus til interimiskyrkje til ny kyrkje vart reist. Desse åra var på mange måtar ei rik tid. Det opna for ein breiare kontakt med folk som ikkje til vanleg søkte bedehuset. Ein fekk ein nær kontakt med dei kyrkjelege organa, og det førte til eit godt og verdfullt samarbeid i åra 1975 - 88.

**Barneparken**  
Alt på årsmøtet i 1976 vart tanken om barnepark og fritidshjem målborre. Eit tenleg utområdet var som skapt for eit slikt arbeid. Det gjeld nokre år for tanken vart til ryndom. Barneparken kom i arbeid i 1981. Jamt over har det vore god søknad til barneparken. Borna har fått med seg verdar frå dette viktige sårbeidet.

Storvøle

I 1991 vart hovudetasjen rusta opp. Ein storreparasjon vart utført. Glasveggen på vestsida vart skifta ut. Treverket tok til å rote, og det vart sett inn aluminiumskonstruksjon i staden. Frontveggen fekk ei andleisføring med eit fint, lyst arrangement og eit stort, vakker bilde med eit bibelsk motiv. Det vart kjøpt inn 250 nye stolar i storsalen. I vestibyllen kom det nye møblar. Ei gåve frå Georg Stokke. Dei nye vindauge som vart sett inn både i hovudetasjen og kjellarhøgda dempa støyen frå den trafikkerte vegen på ein heilt tilfredsstillande måte. I samband med oppussinga av storsalen var det sett ned ei utsmykkingssnemnd som gjorde eit framifrå godt arbeid.

**Stor innsats**  
Det krev mykje å halde eit stort bedehus. Utan den frivillige innsatsen vil det vere vanskeleg med ei forvarleg drift. Ei stor takk fortenner dei mange som tek på seg oppgåva med reinhald og vask, og dei trugne pensjonistane som gjennom mange år har teke på seg vaktmeisteroppgåva. Gloymast skal heller ikkje bedehusforeninga som årleg samlar inn store pengesummar til bedehuset.

**Kulturfaktor**  
Spjelkavik Indremisjon har eit stort funksjonelt bedehus for aktivitetane sine. Gjennom snart 100 år har dei vore drive eit trufast arbeid mellom born og unge. Songkor, musikkor og ulike grupper har hatt ein viktig funksjon i forsamlinga. Ulike organisasjonar nyttar huset, meir for enn nå. Utanom den daglege verkeemda i foreining og lag vert huset nytta til markering av festdagar i livet og til minnemote etter gravferd.

**Arv og ansvar**  
Vi takkar dei som i bøn og offer har gitt oss ein rik bedehusarv. Nå er det vårt ansvar å ta vare på innhaldet i arven. Viktig er det å verne om dei materielle verdiane huset representerer, men framfor alt er det viktig å ta vare på dei ideell som bedehuskulturen har gitt oss. Difor må vi kjemne ansvar for forsamlinga, styrke dei andelegge samfunnet og eige ei evangeliserande ånd så vi kan bryte grenser for Guds rike i bydelen vår.